

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2022/719-134

Saksbehandlar

Rune Helland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/50	Kommunestyret	18.06.2026

Kvinnherad 2050- utlegging av kommuneplanens arealdel til offentlig ettersyn

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke at Arealdel Kvinnherad 2050, vert sendt på andre gangs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Frist for merknadar til planframlegget vert sett til åtte veker frå planen blir lagt ut.

Fram til utsending og utlegging kan kommunedirektøren gjere tekniske tilpassingar og visuelle endringar som ikkje endrar planframlegget sitt meiningsberande innhald.

Revidert utgåve av funksjonell strandsone skal reknast som kunnskapsgrunnlag for arealplanlegginga slik den ligg føre i vedlegg til denne saka. Kartlegginga blir då i tråd med regional kystsoneplan for Sunhordland, som visar til vedteke funksjonell strandsone.

Kommunestyret si behandling i møte den 18.06.2026:

BEHANDLING:

Nytt framsett forslag fr"å H, Frp, Krf, Sp, Ap, V og Inp:

Kommunestyret vedtek Kommunedirektørens innstilling til vedtak med følgjande endringar:

1. Endringar i føresegner i tråd med vedlagt dokument - (dokumentet ligg i sak 2022/719)
2. Tiltak for Skarvatun landskapshotell vert teke ut av planen
3. Bustadsområde i Skeislandet blir lagt inn igjen i planen
4. For tiltak "Øy i Mauranger" skal det vurderast om ei fylling i forlenging av dagens fylling er meir føremålsteneleg enn den allereie føreslegne løysinga. Det skal og leggast opp til arealformål for området med opning for bustad-areal og/eller dyrka mark.
5. Ved brann eller anna naturskade skal alle bygg kunne gjenreisast til dagens standard.

6. LNF-spreidt område som er føreslege teke ut av tidlegare vedteke plan, kan etter høyringa takast inn, dersom det ikkje er i strid med fare og aktsomheitssoner.

RØYSTING:

Nytt framsett forslag fekk 31 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot (Vetthus, Nordtveit Olsen og Hanstvedt Tofte, alle SV)

VEDTAK:

- 1. Endringar i føresegner i tråd med vedlagt dokument - (dokumentet ligg i sak 2022/719)*
- 2. Tiltak for Skarvatun landskapshotell vert teke ut av planen*
- 3. Bustadsområde i Skeislandet blir lagt inn igjen i planen*
- 4. For tiltak "Øy i Mauranger" skal det vurderast om ei fylling i forlenging av dagens fylling er meir føremålsteneleg enn den allereie føreslegne løysinga. Det skal og leggast opp til arealformål for området med opning for bustad-areal og/eller dyrka mark.*
- 5. Ved brann eller anna naturskade skal alle byggingar kunne gjenreisast til dagens standard.*
- 6. LNF-spreidt område som er føreslege teke ut av tidlegare vedteke plan, kan etter høyringa takast inn, dersom det ikkje er i strid med fare og aktsomheitssoner.*

Vedlegg:

- 1 Planskildring KPA 2050**
- 2 Føresegn KPA 2050**
- 3 Merknadsskjema KPA 2050**
- 4 Samla verknader 2026 04 15**
- 5 00 METODE og KU ROS KPA2050_2026 04 16**
- 6 Funksjonell strandsone-Vurdering av kartlegging-11032026**
- 7 Oversikt over marint mangfald i Kvinnherad kommune - september 24**
- 8 OPPSUMMERING AV ENDRINGAR FOR SJØAREALAR 270326**
- 9 Innkome innspel KPA etter 20230608**
- 10 Kvoter bustadhus fritidsbustad og naust i LS juni 2026**

[Lenke til plankart](#)

[Lenke til detaljert konsekvensutgreiing](#)

Samandrag/Saka gjeld:

Kommuneplanens arealdel blei sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 2023. Etter høyringa er planen grundig gjennomarbeida. Det har vore omfattande dialog med statsforvaltar og fylkeskommune. Dialogpunkta til statsforvaltaren og dei fleste motsegnene er svara ut. Endringane etter høyringa er av eit slikt omfang at det planframlegget bør til nytt offentleg ettersyn før sluttvedtak.

Saksutgreiing:

Innleiing

Plan og bygningslova pålegg kommunen å ha ein samla kommuneplan med samfunnsdel og arealdel. Den skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen skal vektleggje viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, og synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

Kommuneplanens arealdel (heretter KPA) er ein arealplan for heile kommunen, som syner samanhangen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Gjeldande KPA er frå 2018. Den bygger på ein samanslåing av tidlegare kommunedelplanar. Kort etter vedtak vart arbeid med rullering av planen igangsett. Samla planprogram for samfunnsdel og arealdel - Kvinnherad 2050 - vart vedteke i 2019. Samfunnsdelen vart vedteke i 2022, og legg viktige premisser for arbeidet med arealdelen, særleg gjennom arealstrategiar og senterstruktur.

Forslag til KPA vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 2023. Det kom mange engasjerte merknader til planen frå ulike hald. Fylke, Statsforvaltar og andre offentlege styresmaktar har òg kome med merknader, og einskilte motsegner. At ein merknad er ei motsegn vil seie at den kjem frå ein instans med motsegnrett etter lova. Det er statlege og regionale myndigheiter og andre kommunar som har slik rett. Ei motsegn må avklarast gjennom dialog eller formell mekling for at kommunen skal kunne fatta endeleg vedtak for planen sjølv. Viss det ikkje blir semje gjennom dialog eller mekling gjer kommunen planvedtak og sender planen med motsegn og tilråding frå meklaren til avgjersle i departementet.

I tida etter høyringa har merknader vore behandla. Planen har vore i regionalt planforum, og det har vore dialogmøte med ein rekke styresmakter samla og enkeltvis. Enkelte element her har gjort det naudsynt å sjå på grunnleggjande trekk i planen på nytt. Sjølv om ein i denne fasen ikkje har opna for nye innspel til planen, stoppar ikkje utviklinga opp, og det har vore naudsynt med nokon justeringar.

I juli 2025 vart det sett i verk ein rekke endringar i plan og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter. Enkelte av desse endringane opnar for nye mogelegheiter i KPA.

Samla sett har det synt seg at ein fullstendig ny utlegging av planen på høyring og offentleg ettersyn er naudsynt. Det er denne som no ligg føre.

Om planprosessen

Arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel har gått føre seg under tre forskjellige kommunestyre. Prosessen har vore påverka av andre prosessar, som den rundt kommuneplanens samfunnsdel og to vedtekne planstrategiar i perioden. Organiseringa av arbeidet og av politisk medverknad i planprosessen har endra seg fleire gonger.

Etter at saken vart fremma for kommunestyret 28 mai og utsett til handsaming 18. juni, har det vore eit politisk arbeidsmøte med eit ad hoc- utval bestående av formannskap, ptm- utval, politiske gruppeleiarar som ikkje er representert her, og leiarane frå forvaltingsutval og levkårsutval. Forbodslina mot sjø er revidert etter møtet.

Planprogrammet visar slik organisering:

Oppdragsgjevar:	Kommunestyret
Prosjektleiar:	Kommunedirektøren
Prosjektleiing	Avdeling for samfunnsutvikling, sektor for kultur, næring og utvikling
Porsjektgruppe/ koordineringsgruppe	Kommunedirektøren sin leiargruppe
Politisk arbeidsgruppe for kommuneplanarbeid	Øyvind Utne (H), Ane Bjørnevik (H), Clara Hveem (SP), Steinar Ølvestveit (SP) Hilde Enstad (AP)
Referansepersonar/ gruppe	Kommunedirektøren sitt leiarforum.

Viktige hendingar i planprosessen

22.03.2018	Kommunestyret:	Vedtak planoppstart «Kvinnherad 2050»
29.05.2018	Regionalt planforum:	1.møte: Planprogram
10.12.2018 -10.02.2019		Planprogram på høyring.
22.05.2019 - 31.10.2019		Innspelsperiode
23.07.2019	Kommunestyret:	Planprogram fastsett
Vår 2019 - haust 2019	Medverknadsarbeid:	<ul style="list-style-type: none">- Politisk arbeidsverkstad- «gjestebod»- Møte med fjordbruksnæringa- Folkemøte- Temamøte- Bygdemøte
17.11.2020	Plan-, teknikk- og miljøutvalet	Vedtak om grovsiling
25.05.2021	Regionalt planforum:	2. møte
12.04.2022	Politisk verkstad:	Bustad og næring
22.06.2022	Kommunestyret:	Vedtak kommuneplanens samfunnsdel
22.09.2022	Politisk verkstad:	Senterstruktur, strandline o.a
13.10.2022	Politisk verkstad:	Føresegner
10.11.2022	Politisk verkstad:	Bustadreserve, silingsstrategi
17.01.2023	Regionalt planforum:	3. møte
14.02.2023 – 15.02.2023	Politisk verkstad:	Finsiling

24.03.2023	Statsforvaltaren	Møte med tema føresegn og strandsone
20.04.2023	Formannskapet:	Vedtak om å leggja planen på høyring
02.05.2023 - 08.06.2023		Høyringsperiode
16.08.2023	Statsforvaltaren, representantar frå kommunen	Fysisk dialogmøte i Bergen hos statsforvaltaren
16.04.2024	Politisk verkstad	Planstrategi
14.05.2024	Politisk verkstad	Planstrategi og KPA
19.06.2024	Forvaltingsutvalet	Orientering om føresegn i KPA
12.08.2024	Statsforvaltaren	Møte om arbeid med rapport om sjøområdene og konsekvensutgreiing sjø
01.04.2025	Regionalt planforum	4. møte. Fylkets merknader og motsegn
16.05.2025	Dialogmøte Vestland fylkeskommune	Fleire tema frå fylkets og statlege styresmakters merknader og motsegn
06.06.2025	Dialogmøte Vestland fylkeskommune	Merknader og motsegn om kulturminne
19.06.2025	Kommunestyret:	Vedtak planstrategi.
14.10.2025	Dialogmøte Statsforvaltaren	Gjennomgang dialogpunkt frå Statsforvaltaren
04. og 05.05.2026	Ad-hoc utval for KPA	Gjennomgang av endringsforslag frå politiske parti. Arbeidsgrupper for føresegn og forbodslinje mot sjø. Forbodslina revidert i plankartet.

Merknader

Det har kome rundt 200 merknader frå private, organisasjonar, næringsdrivande, politiske parti og kommunale einingar og avdelingar. Merknader er kommentert i eige merknadsskjema. Både talet på merknader og kva dei inneheld tydar på stort engasjement for kommuneplanens arealdel. Jamvel om ikkje alt kan imøtekomast, og noko kanskje er grunna i misforståingar, er her mykje som bidreg til vesentlege forbetringar av planen.

Frå statlege styresmakter har det kome merknader frå Direktoratet for mineralforvaltning, merknader med motsegn frå Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE), merknader frå Kystverket, merknader med motsegn frå fiskeridirektoratet. Statsforvaltaren har ikkje kome med eiga motsegn, men har nemnd 9 dialogpunkt som skal avklarast om motsegn skal unngåast i neste høyring.

NVE sine motsegner er:

- Uoversiktleg bruk av omsynssoner knytt til naturfare og manglar i føresegner for disse
- At planen i for stor grad opnar for byggesakshandsaming utan at naturfare er avklåra på siste plannivå
- Manglande konsekvensutgreiing (KU) for utfylling i Onarheimsvatnet

Bruken av omsynssoner og tilhøyrande føresegn er no avklåra med NVE. Planen opnar no ikkje for bygging utan at naturfare er avklåra. Det er gjort KU på utfylling i Onarheimsvatnet med biologiske undersøkingar på staden. Motsegnspunkta er dermed avklåra.

Fiskeridirektoratet sine motsegner er

- Utfylling i Austrepollen og tilhøyrande planføresegner
- Manglande konsekvensutgreiing for denne utfyllinga

I planforslaget som var på høyring var det vist eit område som dekkja heile Austrepollen, og ein skildring av at det kunne gjerast ein utfylling innan dette området. Planen tok ikkje stilling til nærare avgrensing.

Utfyllinga i Austrepollen tenar, ved sidan av å gje mogelegheit for hamn og næringsområde eller andre føremål som til dømes bustader, eit behov for deponering av store steinmassar frå utbygginga av effektkraftverket i Mauranger og frå ny tunell på Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen. Det er nå gjort biologiske undersøkingar i Austrepollen av kommunen i det sørlegaste området og av fylket mot nord. Ut frå desse undersøkingane er det gjort konsekvensutgreiing, og teikna eit nytt forslag til utfylling som tar omsyn til artsmangfaldet og unngår stader der skadepotensialet ville ha vore stort. Det står att ein kunstig øy på om lag 100 daa med tilkomst frå aust. Motsegnspunkta skulle med dette vere avklåra.

Statsforvaltaren sine 9 dialogpunkt er

1. Teknisk planpresentasjon

Her tek statsforvaltaren opp at planen generelt er vanskeleg å lese. Det er mellom anna ikkje mogeleg å skru av og på ulike kartlag. Det er òg vanskeleg å skjønna samanhengen mellom konsekvensutgreiing og plankart, då forskjellige område kan ha same namn i dei to dokumenta.

Det er no mogeleg å skru av og på lag i det digitale kartet. Det er laga eit nytt system for namn på felt i kartet som følgjer dei 23 sonane planen er delt inn i. Heile KU-dokumentet er gjennomarbeida på nytt, slik at det no er gjort KU på endringar, og ikkje som tidlegare på innspel til planen. Dermed kan dei same namna nyttast på kart og i KU. Dette lettar forståinga av planen vesentleg.

2. Vekstmål, senterstruktur og forslag til senter og statlege planretningslinjer bustad areal og transportplan (SPR -BATP).

Statsforvaltaren er ikkje negativ til at kommunen planlegg for ein moderat vekst i dei næraste åra, men ser det som ei utfordring at planen har eit perspektiv for vekst fram i tid heilt til år 2050, og legg til rette for ein auke på minst 3 500 innbyggjarar fram til 2050.

Vekstmål og senterstruktur er føringar henta frå kommuneplanens samfunnsdel. Perspektivet fram til år 2050 er teke frå felles planprogram for samfunnsdel og arealdel. Dette er føringar planen må halde seg til. Sjølv om det er rett at planen skal rullerast med jamne mellomrom, antakeleg på nytt innan kort tid, må ein kommuneplan forhalda seg til eit lengre tidsperspektiv. Heile konseptet bak rullering av planar tek utgangspunkt i dette. Planprosessar tek lang tid, og må ofte gjennomførast av private aktørar. Ein kan ikkje rekna med at gjennomføringa av reguleringsplanar kan skje like fort som i meir bynære strøk.

Statsforvaltaren kritiserer vidare at senterstrukturen med 19 sentre er fragmentert og at det er sett av for store område til senter. Dette saman med det lange utbyggingsperspektivet gjer nasjonale mål vanskeleg å nå, mellom anna klimamål, folkehelse og bustad, areal og transportplan.

For å imøtekomme dette er det i planprogram for teknisk justering av samfunnsdelen foreslege å ta bort nemninga nærseier for dei fleste av bygdene med denne nemninga. Å gje desse eit anna namn, som til dømes prioriterte bygder eller knutepunkt, kunne ein gjera det klårare kva som er meint. Då dette eventuelt ligg noko fram i tid, er konkretisering av seierstrukturen, no sett som ein bygdeutviklingsstruktur, tatt inn i planskildringa i KPA. Det er gjort ein innleiande stadsanalyse for alle dei 19 stadane. Denne tek òg opp den strukturelle samanhengen mellom desse stadene innbyrdes. For å tydeleggjera er arealføremålet sentrum sterkt redusert i plankartet. Nokon stader har ikkje eit sentrumsområde. Andre stader, som til dømes i Ølve, er sentrum gjort minimalt og dekker området rundt butikken. Òg i dei større sentra, som regionsseier Husnes er bruken av seierområde sterkt redusert og i forhold til gjeldande plan. Reine bustadområde blir gjort om til bustadområde. Sentrumsnære område, som til dømes ytste del av Lonavegen og byggeområdet på Bogsnes, har fått generelt bygge og anleggssføremål, for å indikera ein mindre grad av fortetting enn det som skal vere mogeleg i seierområdet.

3. Byggjegrænse til sjø

Statsforvaltaren påpeiker at kommunen konsekvent har sett byggjegrænse til sjø i føremålsgrænse. Kommunen må i større grad halde seg til kartlegginga av funksjonell strandsone som kommunen har fått laga. Dei kan ikkje sjå at denne i det heile har vore nytta ved fastsetjing av byggjegrænse. Byggjegrænse til sjø i planforslaget tek ikkje omsyn til verknadene av utbygging for naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturmiljø og andre allmenne interesser. Det set strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8 vesentleg til side, er i strid med mellom anna statlege planretningslinjer.

Det er rett at kommunen i 2019 fekk kartlagt funksjonell strandsone i bygde delar av kommunen. Denne er utarbeida, men ikkje vedteke politisk. I arbeidet med KPA er strandsonekartlegginga revidert. Den reviderte utgåva av funksjonell strandsone vil bli lagt fram for politisk vedtak som kunnskapsgrunnlag for KPA. Kartlegginga blir då i tråd med regional kystsoneplan for Sunnhordland, som visar til vedteke funksjonell strandsone.

Byggjegrænse mot sjø kan fastleggjast i kommuneplan eller reguleringsplan. Samstundes skal reguleringsplanar ikkje vedtakast i strid med overordna plan. Avklaringsar av arealbruk i strandsona gjerast først og fremst i kommuneplanen i følge planretningslinjene. Løysing av byggjegrænse mot sjø bør ikkje detaljerast for sterkt i kommuneplanen. For ikkje bygde område med plankrav bør føremålsgrænse leggjast med ein avstand til strandsona. Endeleg byggjegrænse bør fastsetjast i reguleringsplan.

4. Manglande vurdering av eksisterande arealbruk

Ein omfattande prosess rundt planvask og arealnøytralitet har ikkje vore tema i denne rulleringa. Vurderingsar i forhold til naust og fritidsbustader vil bli gjort i seinare rullering. Det same gjeld systematisk gjennomgang av eldre reguleringsplanar (planvask) der ein kan innleia prosessen med å lista opp planar som bør takast bort allereie i oppstartvarsel og planprogram.

Likevel er punktet teke til følge. Rulleringa, slik den nå ligg føre, har vurdert ein god del areal på nytt. Det gjeld ikkje gjennomførte bustadområde i område med myr, industriområde i verdifull natur (der det og var forutsett nedbygging av myr), avsette område til fritids og turismeføremål. Det er òg gjort ein fullstendig gjennomgang av landbruks-, natur- og friluftsområde med høve til spreidd utbygging (LNFS) og ein vesentleg reduksjon av disse. Det gjeld og eksisterande seierområde på Husnes og bustadområde ved Hellandselva som har fått nye føremål.

5. Arealføremål utan KU og ROS – analyse

Det er rett at nokre arealføremål mangla dette. Feilen er retta.

6. Føresegner

Føresegnene var til dels endra etter råd frå Statsforvaltaren, som i forhold til det dei først fekk sjå ynskja seg «mindre matematikk». Det blei slik oppfatta at dei ønskte rundare formuleringar i føresegnene og meir konkretiserte i retningslinene. Truleg må kommunen ha misforstått. Føresegnene er no klårare, og merknader frå statsforvaltaren er innarbeidde så langt det lar seg gjera

7. Akvakultur

På grunnlag av dialogen som har funne stad her er det utarbeida ein rapport med kartlegging av natur og biologisk mangfald i fjordområda, og ein fullstendig ny konsekvensutgreiing ikkje berre av akvakulturområda, men av alle føremål i sjø.

8. Jordvern

Statsforvaltaren meiner Kvinnherad er fylkesleiande for jordvern i praksis, men at dette ikkje blir følgt like godt opp i plan.

I dialogmøte med statsforvaltaren har kommunen gjort nøyaktig reie for tema nedbygging av matjord, som i planforslaget syner seg å vere langt lågare enn statlege og regionale målsettingar skulle tilseie. I tillegg er nydyrkinga særskild sterk i kommunen, slik at det i planperioden vil vere ein vesentleg tilvekst av matjord. Jamvel om dette stemmer er det gjort ytterlegare tiltak i planen for vern av matjord. Reduksjonen av LNF spreidd-områda set og effektiv grense for nedbygging av dyrka mark i dette området.

9. Samfunnstryggleik og beredskap

Merknadene her er dels samanfallande med merknadene til NVE. I tillegg ynskjer statsforvaltaren innarbeidd omsynssoner med tilhøyrande føresegner knytt til verksemdbasert risiko og sårbarheit. Eit døme som trekkast fram er anlegg for hydrogenproduksjon i Åkra. Her bør det vere omsynssone med tilhøyrande krav i føresegna.

Slike omsynssoner er nå innarbeida i planen, mellom anna i Åkra.

Vestland Fylkeskommune har omfattande merknader til planen.

Motsegner:

- Knytt til byggegrense mot fylkesveg i sentrumsområda

Planutkastet hadde føresegn om redusert krav til byggegrense mot fylkesveg innan senterområdene. Veglova gir 50 meter byggegrense til vegmidte. Planen tar motsegna til følge og tar bort denne føresegna. Dette inneber at all bygging langs fylkesvegen, til dømes i Skålagata i Rosendal, krev at fylket gjer dispensasjon til avstandskravet.

- Knytt til manglande omsyn til samferdsleprosjekt. Planen set ikkje av tilstrekkeleg areal til framtidig arealbehov for utbetring av fylkesveg, og tar ikkje omsyn til allereie planlagte prosjekt.

Planen set i det store og heile ikkje av areal til samferdsleprosjekt. Vegar er vist som samferdsleliner i planen, og ikkje som areal. Dette er teke opp med fylket i dialogmøte, og punktet kan sjåast som avklåra.

- Motsegn knytt til trafikktryggleik. Planen opnar for utbygging i store område. Planen manglar rekkefølgjekrav som sikrar infrastruktur og trafikksikre løysingar.

Punktet har vore oppe i dialogmøte, utan at det har blitt heilt klårt kva som meinast her. Det er ikkje avdekt område der slike rekkefølgjekrav kunne vere aktuelle. Utbygging i Kongsvikane kunne vore knytt til rekkefølgjekrav om framtidig utbetring av fylkesvegen, men dette området er teke ut av planforslaget.

- Motsegn knytt til retningslinene i regional kystsoneplan.

Gjeld stort sett forbodsgrense mot sjø, som og er omtala i dialogpunkt frå statsforvaltaren. Vert ivareteke som skildra der.

- Ein rekke motsegner knytt til kulturminne.

Disse er stort sett følgt opp i planen, med nokre unnatak: Det er sett av eit mindre bustadområde som grensar til Malmanger prestegard, men ikkje råkar ved denne på noko vis. Planforslaget har oppretthalde dette bustadområdet. Kommunen er ikkje samd i at utbygginga, som ligg i samanheng med eit eksisterande bustadområde vil vere skjemmande for kulturmiljøet, påverke kulturlandskapet i nær tilknytning til dei verna bygga, og redusera kvaliteten på tunet vesentleg. Det er teke inn føresegn for området som gjeld omsyn som må takast. Vidare vil felt for bustadføre mål i Sundal bli oppretthalde. I dialogmøtet blei det klårt at det særleg er tilkomsten til bustadarealet som vil gje store utfordringar i høve til kulturminne og kulturmiljø. Tilkomst er no vist med samferdselsline i planen. Området rundt Olavssteinen og ned til sjøen er avsett til park.

Plangrep

I det fylgjande ein kort skildring av viktige grep i planen slik den nå føreligg. Dels er desse vidareført frå planforslaget som sist blei sendt på høyring. Det er òg vesentlege grep som følgje av merknader, motsegner og dialogane som følgde.

Deling av planen i soner

Kvart år lever dei 23 gamle skulekrinsane i kommunen vidare, då lokalpressa ynskjer ein oppstilling over folketalsutviklinga for kvar skulekrins. Denne inndelinga er no teke inn som ein grunnstruktur i KPA. Inndelinga vert nytta til

- Namngjeving av føremålsfelt i planen og konsekvensutgreiinga
- Tildeling av kvotar for bygging i LNF spreidd- område. Tidlegare blei dette gjort pr. felt. Dette førte til dels til store felt bunde saman av at også vegane i området vart utlagt som LNF spreidd. Slike store felt har nokon ulemper, til dømes om utgreiing av fareområde og omsyn til potensielle kulturminne. Lar kommunen nokon byggja i eit slikt felt utan at slike omsyn er avklåra på siste plannivå, kan kommunen måtte stå for utgreiing av heile feltet. Sonevise kvotar har òg den fordel at det er lettare å sjå samanhengen mellom kvotar og planreserve for bygging elles i sona.

Generelt plankrav

Planforslaget bygger på eit generelt krav om reguleringsplan for byggetiltak (plankrav). Føresegnene gjer nokre unnatak for desse, men kravet legg opp til å bli handsama strengt. Planen legg òg opp til at det skal kunne byggjast utan reguleringsplan i LNF spreidd – områda. Dette er ein del av grunnjevinga for den store endringa i desse områda som planforslaget visar. Stort sett er det ein reduksjon i områda, der ein tek bort alle stader som har omsyn som skal utgreiast på siste plannivå. Men det er og lagt til noko for gardar som var heilt utan LNF spreidd- område. Desse områda skal heller ikkje ta med dyrka mark, og dei skal ta omsyn til sårbar natur.

Å planleggja for vekst

Gjeldande planstrategi legg stor vekt på at det skal planleggjast for vekst. Planen tek omsyn til dette. Den planlagde veksten på 0,5 % PA vil gje eit forventa folketal på vel 15 000 personar i

2050. Det er mykje lågare enn auka på 3500 personar som statsforvaltaren las ut av planen. Dette høge talet kjem truleg av at det på kommuneplannivå er naudsynt med ein planreserve i alle bygder. Dels må ein tåla at veksten fordelar seg noko annleis enn forventa. Dels vil det vere areal som av ulike grunnar ikkje blir bygd ut.

Næring

Kommuneplanens samfunnsdel har klåre målsettingar for utvikling av næringsareal. Desse blir klårt svekka når eit stort område som Kongsvikane ikkje blir bygd ut. Det er og teke ut eit stort næringsareal på Sandvoll. Dette arealet har vore i kommuneplanen og tidlegare kommunedelplanar i mange år utan å kunne realiserast. Området er delvis nedslagsfelt for drikkevatn. Det ligg i eit sårbart naturområde med store myrareal. Området har og svak infrastruktur og ikkje tilgang på sjø, noko som gjer det lite brukbart som industriområde med ein slik storleik.

Til erstatning for desse områda er det satt av eit næringsareal på Tofte. Dette bygger på eit steindeponi etter Halsnøytunnelen. Det har tidlegare vore vurdert at avkøyringa til området ligg for nært tunnelopninga. Ved nærare måling visar det seg at denne berre treng flyttast få meter for å klare kravet på 100m avstand. Dette kan gjennomførast. I planen er området vist utvida slik at det får kontakt med sjø, og det kan byggjast hamn.

I høyringsforslaget frå 2023 var det sett av to alternative område til kvinnefengsel. Det har ikkje kome merknader til planen som sett den eine plasseringa framføre den andre. Dette nye planforslaget viser berre eit alternativ for fengselet – i Hellandslia ved Husnes. Området på Oppsangerneset er gjort om til industriområde. Her kan ein dra nytte av og utvida eksisterande kaifront.

Senterstruktur – bygdestruktur

Senterstrukturen i kommuneplanens samfunnsdel er blitt konkretisert og står no fram som bygdestruktur. Det er gjort ein analyse av dei forskjellige stadane og samanhengen mellom dei. Tanken om at alle stader i senterstrukturen må ha eit definert senterområde har ein forlate.

Samferdsle

Bygdestrukturen gjer òg overordna føringar på forholdet mellom stader. Aksen Rosendal – Husnes blir til dømes viktig, og bør utviklast tilsvarande. Til dømes med betre system for kollektivtrafikk. Andre viktige aksar er Husnes – Utåker, Ølve – Hatlestrand og internt på Halsnøy. Samferdsle ut av kommunen er òg viktig. Nytt ferjeleie i Bestevika på Halsnøy er teke inn i planen. Det same er tunell på Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen. Prosjektet Sunnfast og ny veg mellom Tofte og Heia på Halsnøy er teke ut.

Samheng mellom plan og konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga i høyringsforslaget frå 2023 bygde på innspel. Innspela var fyrst konsekvensutgreidd, så blei silingsprosessen gjort på grunnlag av dette. I mellomtida er kommuneplanens samfunnsdel vedteke. Samfunnsdelen gir kriterium for verdivurdering av endringane.

I følgje konsekvensutgeiingsforskrifta skal ein konsekvensutgreie i kommuneplanen når planen legg rammer for tiltak omtala i eit av vedlegga til forskrifta. Det er altså endringane i planen som det skal greiast ut for, ikkje innspela. På grunnlag av dette er all konsekvensutgreiing i planen gått gjennom på nytt. Det er laga eit oversiktleg system som gjer at ein lett kan finne tilbake mellom konsekvensutgreiing og plan.

Økonomisk berekraft:

Kommuneplanens samfunnsdel har tre hovudmål knytt til økonomisk berekraft som er viktige premisser for KPA: folketalsvekst, samferdsle og rammevilkår for næringslivet. Desse er knytt til arealstrategiar for auka bustadbygging, samanhengande vegnett for mjuke trafikantar og tilrettelegging for næringsutvikling. I arbeidet med arealstrategien blei det særleg vist til vekstmålet, og understreka at dette berre kan nås når det finns eit tilstrekkeleg tilbod på nye bustader. Forslaget til ny KPA tar utgangspunkt i vekstmålet framfor SSB sine prognosar for folketalsutvikling, og sikrar gode rammer for bustadutviklinga.

Sidan planen sist var på høyring har premissane for samferdsle endra seg. Reguleringsplan for Fjelbergsambandet er vedteke. Regulering av Poll til Poll tunellen er under arbeid. Prosjektet for bruforbinding til E39 ikkje lengre vist i planen. Det er teke inn nytt ferjeleie i Bestevika. Men arealstrategien for samanhengande vegnett for mjuke trafikantar har ikkje funne gode svar.

KPA legg til rette for næringsutvikling på fleire vis. Det er gjort eit omfattande arbeid rundt planlegging av sjøområda. Her vert lagt til rette for utvikling av nye metodar i fjordbruket. Det er satt av område for kveiteoppdrett som ny næring i kommunen, og for oppdrett av lågtrofiske arter som skjel, blautdyr og tare. Det er vidare sett av fleire areal til ferskvassdepot for brønnbåtar.

Det er fleire nye store næringsområde, og ein rekke mindre område i mange bygder. Sentrumsområde og område for bygg og anlegg utan nærare føremål opnar òg for næringsutvikling. På fleire stader er det sett av areal for fritids og turismeføremål.

Det er sett av areal for mineralutvinning.

Alt i alt legg planen gode rammer for vekst og fortsatt sunn økonomisk utvikling i åra som kjem.

Miljø og klima berekraft:

Kommuneplanens samfunnsdel har to hovudmål knytt til miljø og klima berekraft som er premisser for KPA: Klimamålet er ganske ambisiøst å bli ein netto nullutsleppskommunen innan 2040. Miljømålet er å ta vare på naturen og ha ei berekraftig utvikling av jord- skog- og fjordbruk. Det er ei rekke arealstrategiar knytt til desse måla.

Det er ikkje arealstrategiar knytt direkte til klimamålet. Jamvel er det teke inn krav i føresegnene om at tiltak etter plan- og bygningslova skal ha rapporteringsplikt for klimarekneskapet. Det er teke inn omsynssoner etter dei nye mogelegheitene i plan- og bygningslova som sett krav om transformasjon og gjenbruk av bygningsmassar.

Miljøvernmålet har fleire delar som må betraktast kvar for seg. Dei viser til naturvern i tillegg til berekraftig jordbruk, skogbruk og fjordbruk.

Ein arealstrategi nemner at dyrkbar mark og dyrkbar jord skal vernast om, og at nydyrking skal prioriterast. KPA tar godt omsyn til dette. Planen bygger ned svært lite fulldyrka jord. Mykje LNF spreidd- område på dyrka og dyrkbar jord er teke bort. Kvinnherad er ein kommune med mykje nydyrking. Om ein forutset at dyrkinga fortsett som før i åra frametter, vil det gje vesentleg tilvekst av dyrka areal i planperioden. Det som er forutsett nedbygd er stort sett i senterområde, støtta av ein annan arealstrategi som krev effektiv arealutnytting i og nær tettstadene. Ein stad, i Uskedalen, finn planen ein balanse i denne målkonflikten ved å nytta ein ny mogelegheit i plan- og kartforskrifta. Her er det nytta føremålet urbant landbruk for ein del av senterområdet. Urbant landbruk er etter systematikken i forskrifta eit bygge- og anleggsføremål. Her er det mogeleg å gje ein utnyttingsgrad som byggeføremål, samstundes som det vert sett krav om matproduksjon.

Skredsonkartlegginga i planen bygger på skredfare med skogeffekt. Det vil seia at skredfaren kan endra seg om skogen blir teke bort. Dette må det takast omsyn til i vidare planlegging.

Viktige friluftsområde i heile kommunen skal takast vare på. Det er òg lagt inn ein rekke friområde, som badeplassar og andre nærrekreasjonsområde. Det er lagt til rette for å samla småbåthamner som felles anlegg der det er mogeleg.

Det er òg ein arealstrategi at vi skal ha god oversikt over naturmangfaldet i kommunen. Det skal først arealrekneskap. I planstrategien er det tatt med at det skal setjast i gang arbeid med ein naturmangfaldsplan. Ein god start på dette arbeidet er kartlegging av sjøområda som er gjort i samband med arbeidet med KPA.

Arbeidet med konsekvensutgreiing av planen, og innkomne merknader, har ført til endringar samanlikna med gjeldande plan og tidlegare høyringsutkast. I forhold til gjeldande plan er reduksjonen i LNFS- område det mest inngripande. I tillegg er det teke ut område for bustad og næring som forutset nedbygging av myr.

I forhold til høyringsutkastet er industriområdet Kongsvikane (ved Klosterneiset, Halsnøy) teke heilt ut. For utfyllinga i Austrepollen er det gjort ei omfattande konsekvensutgreiing, mellom anna med ein biologirapport. Ut frå denne er arealet avsett til utfylling mykje redusert, og plassert på eit område der den vil gjera minst mogeleg skade. Ein liknande prosess har vore rundt utfyllinga i Onarheimsvatnet for utviding av Husnes senterområde. Her er det gjort funn av ein raudlista planteart i vatnet. Forma på utfyllinga er tilpassa dette.

Planen svarer godt ut krav til miljø og klimaberekraft, slik dei går fram av kommuneplanens samfunnsdel.

Sosial berekraft:

Kommuneplanens samfunnsdel har fem hovudmål knytt til sosial berekraft. Nokre av desse gir premissar for KPA. Særleg viktig her er å vere eit samfunn med små skilnader, å syte før gode kommunale tenester og å vera ein trygg kommune med god beredskap.

I samanheng med arealplanlegging i ein kommune med så stor geografisk variasjon som det Kvinnherad har, tyder det å vera eit samfunn med små skilnader òg å syta for at ein kan leva gode liv i alle delar av kommunen. Arealstrategien knytt til dette er at Kvinnherad kommune skal syta for variert arealbruk for ulike generasjonar og behov. Konkretiseringa av senterstrukturen tek utgangspunkt i dette. Kvar bygd skal utviklast ut frå sin eigen rett, men òg ut frå kor dei strukturelt passar inn.

Å kunne levera gode kommunale tenester skal gjelda heile kommunen, men må likevel for ein del tenester ta utgangspunkt i sentrale område. Ein arealstrategi seier at regionsenteret Husnes og kommunesenteret Rosendal skal planleggjast med sterke sentrums kvalitetar. I desse områda er det viktig å kunne lokalisera bustadtilbod for grupper med særlege behov.

Tryggleik og beredskap gir viktige føringar for KPA på mange område. Særleg viktig er omsynet til naturfare. Ein arealstrategi seier at nye byggeområde der det er mogeleg skal planleggjast utanfor fareområde. I Kvinnherad er det gjort skredfarekartlegging på sju område. Andre delar av kommunen har aktsemdsområder for skred. Kommunen har to fastlagde faresoner for kvikkleireskred, begge på Tofte på Halsnøy. Aktsemdsområde for kvikkleire finst i heile kommunen, men er vesentleg redusert gjennom kartlegging. I tillegg kjem omfattande aktsemdsområde for flaum.

Det er eit krav at naturfare skal utgreiast på siste plannivå. Difor vil det ikkje vera mogeleg å byggja utan plan i område med naturfare eller aktsemd for naturfare. Der det er opna for spreidd bygging i landbruksområde skal det i utgangspunktet kunne byggast utan plan. Difor er mykje slikt

areal tatt ut av planen. På nokon plassar blir det lite land igjen å byggja på. Ein slik stad er det lagt inn eit nytt byggjeområde, for å sikra at det skal lagast reguleringsplan med naturfareutgreiing før det kan byggjast. Dette kan tilsynelatande stå i noko motstrid med arealstrategien, men løysinga tener det same omsynet.

Eit vidare hovudmål under sosial berekraft bygger på omsynet til frivillig sektor. Ein nærstående strategi, som rett nok er knytt til eit anna hovudmål, seier at kommunen vil samarbeide med lag og organisasjonar om utbygging av ulike miljøanlegg og trivselstiltak. Planen legg til rette for slikt samarbeid på ulikt vis.

Samla sett gir planen gode svar til tema sosial berekraft slik det er definert i kommuneplanens samfunnsdel.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:

Det har vore stort engasjement for planen frå mange hold, og medverknadsprosessen har aldri stoppa heilt opp. Dialogen med andre styresmakter har vore god. Kontakten mellom administrasjon og politikk har variert, men samarbeidet har til sjuande og sist fungert slik det skal. Konsulentane som har vore engasjert i denne fasen, Akons as frå Bjørnafjorden og Holon arkitekter as frå Bergen i tillegg til Norkart, har samarbeidd godt seg i mellom og med kommunen.

Konklusjon:

Denne versjonen av kommuneplanens arealdel svarar i store trekk ut motsegn og dialogpunkt. Den oppfyller det som i følge planstrategien er det viktigaste kravet i kommuneplanens samfunnsdel: Å leggja rammene for vekst i kommunen. Etter kommundirektøren si vurdering kan planforslaget sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn slik det ligg føre.